

Vedlegg 1 Mineralråd, Mineralstrategi og Handlingsplan 2020–2023

1. Mineralråd

- Reglement
- Mandat
- Partnerskap

2. Mineralstrategi

3. Mineralråd – Handlingsplan 2020–2023 (sak på møtet i Mineralrådet 21. januar 2020)

Mineralråd - Reglement

«Mineralrådet sitt reglement regulerer heimel, val og samansetnad av rådet, mandat, samt sekretariatsfunksjon

§ 1 Mineralrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova, §5-1 (arbeidsutval)

§ 2 - Val og samansetnad

Fylkestinget vel medlemene til utvalet. Mineralrådet kan ha inntil 9 medlemmer og vere samansett slik:

- Inntil 2 medlem fra eit fylkeskommunalt politisk organ
- Ordførar i ein kommune i fylke
- 1 medlem frå ein kommune i fylke
- 2 representantar frå utdanning/forskning
- 2 representantar frå næring (ein frå Norsk Bergindustri)
- 1 representant frå miljøorganisasjon
-

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Valet gjeld for 4 år. Dersom fleire kommunar jobbar for/med mineralutvinning kan rådet supplerast med 1 representant for slike kommunar. Rådet kan oppnemne ny representant dersom ein representant går ut.

§ 3 - Mandat

Mineralrådet skal ha følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
 - Framtidsretta mineralforvaltning
 - Mineralretta næringsutvikling
 - Mineralretta utdanning
 - Samla infrastruktursatsning
 - Berekraftig utvikling
 - Vidareforedling
 - Handtering restmasse
 - Aktuelle mineralprosjekt
 - Konesjonsrundar
 - Sirkulær økonomi, handtering, gjennbruk og gjennvinning av restmasser

§ 4 - Sekretariat m.v.

Sunnfjord kommune har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utført på ein tilfredsstillande måte og fører rekneskap for utgifter til rådet.

For rådet gjeld elles reglement for sakshandsaming i politiske utval.

Mineralråd – Mandat

«Etablere eit mineralråd som skal arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket. Mineralrådet vert etablert i Sogn og Fjordane, og skal vidareførast for nye Vestland fylke.

Mineralrådet vert oppretta med følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:
 - Framtidsretta mineralforvaltning
 - Mineralretta næringsutvikling
 - Mineralretta utdanning
 - Samla infrastruktursatsning
 - Berekraftig utvikling
 - Vidareforedling
 - Handtering av restmasse
 - Aktuelle mineralprosjekt
 - Konsesjonsrundar

Mineralråd – Partnerskap

«Frå kommunane si side vil det være ynskjeleg å gå vidare med ein partnerskapsmodell der kommunen si satsing er ein del av eit regionalt program, og då linka til eit mineralråd.

Det bør setjast opp forventingar til korleis løyse ut ressursar til eit slikt program og ein slik eventuell partnerskap. Dette er ei naturleg oppfølging og detaljering av ambisjonane nedfelt i avtale om nærings- og samfunnsutvikling.»

Mineralrådet si rolle i partnerskapen

- Etablere partnerskap med andre regionar, FOU institusjonar og utdanningsinstitusjonar
- Etablere kontakt med eksterne partar, klynger i og utanfor fylke
- Utarbeide mål for mineralråd og mineralverksemd
- Førebu politiske saker
- Utarbeide retningslinjer for ressursbruk og godkjenne prosjektrekneskap
- Profilere fylke og mineralnæringane
- Arbeide for rammevilkår for vertskommunane og mineralnæringa
- Kunnskapsbasert tilnærming til ny bergverksprosjekt

Kommunane si rolle i partnerskapet

- Etablering og gjennomføring av prosjekt
- Samarbeid med lokale og regionale næringsaktørar
- Tilsette og ha ansvar for prosjektressursar
- Sekretariat for mineralrådet
- Førebu politiske saker
- Etablere rutinar for ressursforvaltning og ha partnerskapsrekneskap
- Etablere referansegruppe med konsesjonshaver og lokalt næringsliv for utarbeiding og oppfølging av prosjekter

«Mineral er innsatsfaktor i nesten all vareproduksjon, og stabil tilgang er ein føresetnad for økonomisk vekst. For Noreg er det viktig å sikre størst mogeleg verdiskaping ut frå felles ressursar, balansert opp mot samfunnsansvar og miljøomsyn.

EU har vendt augene mot eigne ressursar fordi ein ønskjer ei større grad av sjølvforsyning av til eksempel metall og mineral. I dag forbrukar europearar langt meir metaller enn dei sjølv produserer. EU har utarbeidd råvarestrategi.»

Det vert etablert eit mineralråd med klart definerte resultat-prosess- og effektmål som skal sikre målretta arbeid mot regionale og sentrale myndigheiter.

Resultat-mål	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for å realisere 300 nye arbeidsplassar innan 10 år • Arbeide for vidareforedling av mineralressursar og etablering av metallurgisk industri basert på mineral i regionen • Arbeide for full elektrifisering av mineralnæringa innan 10 år • Arbeid for å realisere 50 studieplassar innan mineralnæringane • Gjennomføre ressurskartlegging av mineralressursar i alle kommunar i fylket • Arbeide for at restmassereduksjon av mineralprosjekt; gråberg, avgang og overskotsressursar vert fullt ut nytta • Arbeid for ingen utslepp av helse og miljøskadeleg stoffer frå mineralindustri
Prosess-mål	<ul style="list-style-type: none"> • Inngå partnerskapsavtalar med andre regionar som tek til å utnytte mineralressursar • Etablere samarbeid med offentlege og private verksemder • Etablere samarbeid med miljø- organisasjonar og næringslivet sine organisasjonar • Sikre og påverke rammevilkår for vertskommunane og mineralnæringa • Arrangere møter og drive kunnskapsformidling for å skape medverknad om mineralnæringane
Effektmål	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeid for at fylke skal bli foregangsregion for berekraftig bergindustri • Etablere fylke som ein viktig mineralregionane i Europa • Betre omdømme til mineralnæringa og mineralutvinning • Sikre kompetanse og kvalifisert arbeidskraft • Påverka lokale og nasjonale rammevilkår (verkemiddelapparatet) for effektiv og god utnytting av mineralressursar

Vedlegg 1.2 Mineralstrategi

Naustdal og Askvoll kommune

Mineralstrategi

Vedtatt
Naustdal,
Askvoll,



Forord

Ole André Klausen
Ordfører
Askvoll kommune



Håkon Myrvang
Ordfører
Naustdal kommune

Mineralnæringa utgjer ein betydeleg industri som bidreg til store ringverknader i distrikta. Alle norske kommunar har eit eller fleire uttak. Ifølgje Direktoratet for Mineralforvaltning omset mineralnæringa for nær 100 millionar tonn mineralske råstoff, ca 13 milliardar kr pr år (tal pr 2016).

Berre i Sogn og Fjordane sit vi på store og viktige mineralressursar. I Sunnfjord-regionen finst det ei rekkje dagbrot og sandtak, i tillegg til ei av Noregs største gruver i Bremanger. Utvinning av kopar på Grimelida i Askvoll kommune er definert som eit mogleg framtidig utviklingsprosjekt, med behov for ytterligare utgreiingar. På Engebø i Naustdal kommune planlegg Nordic Mining for ei industrisatsing i nasjonal målestokk med 170 arbeidsplassar. I tillegg peiker SINTEF på at ei etablering vil kunne gje ytterligare 300 arbeidsplasser i Sunnfjord og 500 på landsbasis.

For å stimulere til at ringverknadane i frå Sunnfjordgruvane blir så positive som mogleg er det behov for ein koordinert innsats. Samtidig er det ei målsetting å få til løysingar som tek vare på samfunnet sine rettmessige krav til miljø, næring og lokalsamfunnsutvikling. Naustdal og Askvoll kommune har fått utarbeidd og vedteke ein eigen regional mineralstrategi. Mineralstrategien skal bidra til ein koordinert innsats mot næringsliv, kommunar, fylkeskommunen, Innovasjon Norge, næringslivsorganisasjonar, FoU- og utdanningsinstitusjonar og statlege organ.

Mineralstrategien har som målsetting å stimulere til auka lokal og regional verksemd, høg verdiskaping og berekraftig utvikling knytt til mineralutvinning, i fyrste omgang Engebøprosjektet.

Naustdal og Askvoll kommune vil ta initiativ til at det vert etablert eit felles mineralråd i fylket. Dette rådet vert sentralt for å sikre målretta og koordinert arbeid mot regionale og sentrale myndigheiter, samt ein positiv mineralretta næringsutvikling.



Innhald

1

Innleiing

2


Mineralar i regionen

3

Eigarskap og målsetnad

4

Hovudstrategiar



Innleiing

Mineralnæringa i Norge blir i hovudsak regulert av Minerallova og Plan-og bygningslova. Viktige politiske rammevilkår for næringa er omtala i «Strategi for mineralnæringen» (regjeringen Stoltenberg II, mars 2013) og nordområdestrategien “Nordkloden” (regjeringen Solberg, november 2014).

Kommunane Naustdal og Askvoll har teke initiativ til å forme ut og få oppslutning om ein eigen regional mineralstrategi som fokuserer på spesifikke utfordringar, tiltak og mål. På nokre områder peikar strategien utover kommunane og regionen. Vi vil arbeide for ny statlig politikk på viktige områder som restmassehandtering, planlegging og utvikling av infrastruktur.

Strategien tek for seg mål og delmål innanfor seks hovudområder.



Framtidsretta mineralforvaltning



Samla infrastruktursatsing



Mineralretta næringsutvikling



Strategi for miljø og berekraft



Mineralretta utdanning




Vidareforedling og handtering av restmasse

Mineralar i regionen

I Sunnfjordregionen finst det fleire førekomstar som kan få betydning for framtida. I regionen er det mellom anna identifisert viktige mineralar som eklogitt, rutil, granat, granitt, kopar, prydstein og sjeldne jordartar,

Berre i Sunnfjorregionen finst det fleire eksisterande eller framtidige utviklingsprosjekt, slik som;

- Grimelida – Koparutvinning
- Engebø – Nordic Mining, granitt og rutil
- Værlandet – Prydstein Devon-avsetningar
- Førde – Prydstein Førde-granitten
- Bremanger – Bremanger Quarry, «Bestone»



Berggrunnsgeologisk kart over Sogn og Fjordane, og delar av nabofylka våre.

Eigar

Naustdal kommune Askvoll kommune

Målsetting

- Felles mineralstrategi som synleggjer korleis ein sikrar utnytting av utviklingspotensiale for mineralnæringa i vårt nærrområde
- Sikre at private og offentlege aktørar i fylket jobbar målretta og koordinert i arbeidet mot regionale og sentrale mynder.
- Definere strategiske tiltak med verknad både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt



ENG 16-002 L-2
DIP 85° RZ1 160°
ENG 16-002 L-2

2,40

ENG 16-002 L-2

5,40

8,40

1. Strategi for framtidsetta mineralforvaltning



Minerallova frå 2010, og staten sin mineralstrategi, legg føringar for utvikling av mineralnæringa. Planprosessen for Engebøprosjektet har vore krevjande for næringsinteresser og for innbyggjarar som bur nær eit mogleg gruveprosjekt. Det er viktig med ei felles forståing omkring dei lovmessige rammevilkåra og korleis kommunane vil utøve dei i praksis. Offentlege aktørar må leggje til rette for at ressursuttaket av ei ikkje-fornybar ressurs vert gjort med kontinuerleg fokus på forbedring av produktivitet og effektiv utnytting av ressursen. På den måten er ein betre rusta til å handtere potensielle interessekonfliktar og stimulere til sameksistens mellom næringane og innbyggjarar.

Sentrale aktørar vil vere Fylkeskommune, Innovasjon Norge, grunneigarar, bergverksnæringa, sjømatnæringa og reiseliv. Offentlege myndar som kommune, Fylkesmann, Norges Geologiske Institutt, Fiskeridirektorat og Direktoratet for mineralforvaltning er viktige i denne samanheng.

Utfordringar

- Skatteregimet eller andre verkemiddel er ikkje innordna på ein slik måte at overskotsmassa blir utvikla til ein økonomisk ressurs
- Vanskeleg å få overskotsmassen pre-godkjent for til dømes tildekking av forureina sjøbotn
- Mineralnæringa slit med eit omdømeproblem
- Lite føreseielege avgjerdsprosessar
- Ressursanalyser av restmassene

Involverte forvaltningsinstansar må stimulere til verdiskaping og næringsutvikling samtidig som ein stiller rettmessige krav ovanfor tiltakshavar knytt til berekraft, produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.

Målsetting	Sikre ei verdiskapande mineralforvaltning i samsvar med intensjonane i minerallova
Delmål	<ul style="list-style-type: none">• Bygge god forvaltningskompetanse og forståing for næringa på regionalt og lokalt nivå for å bidra til å sikre gode sakshandsamingsprosessar og løysing av eventuelle konfliktsituasjonar• Bidra til ein meir berekraftig mineralindustri i Norge• Nytte ein god kombinasjon av incentiv og skattelegging / pålegg• Samarbeide med «Samanslutning av kraftkommunar» for å sikre ei rettmessig grunnrenteskatt (ref andre naturressurs næringar)• Utarbeide mandat og etablere eit felles mineralråd i fylket. Sentralt for å sikre målretta og koordinert arbeid mot regionale og sentrale myndigheiter

2. Strategi for mineralretta næringsutvikling



Mineralstrategien har som målsetting å stimulere til auka lokal og regional verksemd, høg verdiskaping og berekraftig utvikling knytt til mineralutvinning, i fyrste omgang Engebøprosjektet.

Det er viktig å stimulere til gode føresetnader for lokal og regional etablering av leverandørindustri som mineralnæringa treng. Det vil og omfatte eventuelle vidareforedlingsanlegg / smelteverk i tilknytning til utvinning av mineralane.

Naustdal og Askvoll kommune vil ta initiativ til at det vert etablert eit felles mineralråd i fylket. Dette rådet vert sentralt for å sikre målretta og koordinert arbeid mot regionale og sentrale myndigheiter, samt ein positiv mineralretta næringsutvikling.

Utfordringar

- Med omsyn til næringsutvikling har involverte instansar ulike mål og ulik prioritering av ressursinnsats
- Potensielle leverandørar er usikre på framdrifta i prosjektet og kva tid det er behov for deira tenester
- Lokale og regionale verksemdar er i stor grad små og mellomstore. Dei ser utfordringar knytt til å bli leverandør til ei slik stor industrietablering
- Utvikling av ei næringsklynge som omfattar mineralutvinninga, potensielle leverandørar, utdanningsinstitusjonar, FoU, rådgjevarar og kredittinstitusjonar.
- Relevante tilskotsordningar og utviklingsprogram er ikkje godt kjende for aktuelle lokale og regionale leverandørar

Gjennom dialog, samarbeid og felles prioritering vert det lagt til rette for verdiskaping og næringsutvikling i mineralnæringa, samt sikra at næringa kan utvikle seg parallellt med andre næringar og interesser. Det er eit mål å etablere ein industri- og mineralinkubator i regionen.

Målsetting	Legge til rette for at flest mogleg av arbeidsplassane er lokale eller regionale
Delmål	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomføre leverandørutviklingsprogram (naturlege område som samarbeid, felleseide selskap, sertifisering, finansiering, utviklingskontraktar)• Køyre knoppskytingsprogram (spin-off frå eksisterande verksemdar). Tilby utviklingsprogram (SMB-Utvikling) for etablerte verksemdar (strategisk analyse, definere mål og delmål, gjennomføre)• Identifisere og arbeide for regionale og nasjonale forskingsmidlar• Etablere ein arena for dialog og informasjonsutveksling knytt til utvikling av mineralnæringa• Deltaking og synergjar knytt til Mineralklynge Norge• Bidra til at mineralnæringa skal samhandle best mogleg med andre næringar

3. Strategi for mineralretta utdanning



Mineralnæringa er ei stadig meir kunnskapsintensiv næring. Mineralverksemdar er avhengig av kompetent arbeidskraft, ikkje minst innan teknologiske fag.

Det er behov for å stimulere til betre rekruttering i geologiske og bergtekniske fag. Utvinning og foredling av mineralar krev høg teknologisk og ingeniørfagleg kompetanse og kompetente fagarbeidarar. Utdanningsinstitusjonar må ha god dialog med aktørar innan mineralutvinning.

Det er viktig å utvikle studietilbod som er praktisk og tilgjengeleg for studentar. Sogn og Fjordane har i dag fagutdanning innan anleggsteknikk. Nasjonalt er det få tilbod knytt til fordjuping innanfor bygg, anlegg og bergteknikk.

Utfordringar

- Krevjande å konkurrere med andre næringar om eksisterande fagkompetanse
- Mangel på rekruttering og utdanning av relevant fagkompetanse for mineralnæringa
- Ikkje tilstrekkeleg mineralretta utdanning i regionen, verken på fagskulenivå eller høgskulenivå
- Låg kunnskap om mineralnæringa innanfor offentlig forvaltning i regionen

Tilgong på relevant fagkompetanse er avgjerande. Det er viktig å utvikle studietilbod som er praktisk og tilgjengeleg for studentar, samt tilretteleggje for vidare utdanning.

Målsetting	Sikre at undervisningsinstitusjonar i region og fylke har relevante studietilbod både innan vidaregåande og høgare utdanning
Delmål	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle utdanningstilbod for å styrke rekruttering og kompetanse i mineral- og leverandørnæringa. Omfattar vidaregåande og bachelor-utdanningar innan bergteknikk / geologi /ressursgeologi• Arbeide for å styrke og øke rekrutteringa til høgare utdanning innan bergverksrelaterte studietilbod.• Legge til rette for samarbeid og utveksling mellom undervisningsinstitusjonar og verksemdar, samt mellom verksemdar.• Styrke kunnskapen omkring mineralnæringa innan relevant offentlig forvaltning i heile regionen

4. Strategi for samla infrastruktursatsing



I rapporten «rammeverk for betre godsdata» peiker SINTEF på at dårleg vegkvalitet er ein hyppig årsak til forseinkingar, verditap, auka kostnader og andre belastningar. Dårlig vegkvalitet og relaterte ulykker vil kunne medføre dårlegare trafikktryggleik samtidig som at det utgjer store påkjenningar for sjåførar og næringa.

Storparten av godshandteringa på Engebø vil skje sjøvegen over hamn. Likevel vil prosjektet måtte frakte personell og gods på fylkesvegen 611 i anleggs- og driftsperioden. Dette vil vere til ulempe for næringsliv, innbyggjarar og transportnæringa.

Mineralnæringa er avhenging av å etablere industrien der kor ressursen fins. Utbetring av infrastrukturen i regionen bør prioriterast for å legge best mogleg til rette for etablering av industriføretak slik som mineralnæring. Det pågåande kystvegprosjektet vil betre vegkapasitet og trafikktryggleik vesentleg.

Utfordringar

- Auka press på fylkeskommunalt vegnett
- Kvaliteten på offentlege infrastruktur som veg, hamn held ikkje tilstrekkeleg nivå
- Mangelfullt fylkeskommunalt båtrutetilbot

Regionen må i fellesskap evne å prioritere naudsynt utbygging, oppgradering og vidareutvikling av infrastruktur både knytt til transport, næringsverksemd og busetnad.

Målsetting	Sikre at tiltak på kort og lang sikt bidreg til naudsynt infrastruktur (vegar, hamner, tunellar, transport, industriareal)
Delmål	<ul style="list-style-type: none">• Infrastruktur må gjere det mogleg og attraktivt for kompetansmiljø i Vågsøy, Lutelandet, Bremanger, Førde og Florø å verte knytt meir saman med vertskommunane Naustdal og Askvoll.• Kystvegprosjektet må ta omsyn til Engebø• Utbetring av sentrale vegar (fylkesveg 611, fylkesvei 609, riksveg 5)• Fylkeskommunale båtrutetilbod må ta omsyn til Engebø• Bygge vidare på kommunedelplanar for både Vevring og Askvoll, mellom anna næringsareal, busetnad, skule, barnehage, breiband.• Leggja til rette for at Sunnfjord er integrert med omsyn til bu- og arbeidsmarknad

5. Strategi for miljø og berekraft



Uttak av mineraler medfører landskapsendringar, støy, samt produksjon av restmasser som kan gje konsekvensar for naturtypar, artar og friluftsliv. I fleire tilfelle medfører det og utslepp av kjemikalier.

Mineralnæringa skal ta omsyn til miljøet, og må halde seg til lovar og reglar. Utvinning av mineralar medfører ofte produksjon av overskotsmassar. Handtering av gråberg og avgangsmassar er sentralt i etablering av gruver. Det er ei målsetting i seg sjølv å redusere mengder restmassar, til tross for at det ofte er naudsynt å deponere restmassar som ikkje kan nyttast eller omsettast på andre måtar.

Det er behov for å etablere kontaktpunkt mellom miljøorganisasjonar, kommunale og statlege myndigheiter, og mellom anna reiselivsnæring og sjømatnæring. Dette for å bidra til at Engebøprosjektet si påverknad vert så liten som mogleg og at den kan sameksistere med andre næringar.

Utfordringar

- Næringa har utfordringar med omdømme
- Engebøprosjektet opplever omkampar på vedtekne løyver
- Lite føreseielege planprosessar
- Ingen formelle møteplasser mellom mineralnæringa, etablerte næringar, miljøorganisasjonar og myndigheiter

Berekraft inneber at mineralnæringa, på same måte som andre næringar, må vere både bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam og ivaretek miljøomsyn.

Målsetting	Ivareta samfunnets krav til miljømessig-, økonomisk- og sosial berekraft
Delmål	<ul style="list-style-type: none">• Stille rettmessige krav ovanfor tiltakshavar knytt til restmassehandtering, produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.• Etablere miljøoppfølgingsprogram med deltaking frå myndigheiter, miljøorganisasjonar og andre kompetansemiljø. Følgje opp relevante rettsgrunnlag (reguleringsplan, føresegner, konsesjon og utsleppsløyve)• Sikre at det vert etablert istandsettingsfond, sikre konkrete og rettmessige vilkår.• Sikre god dialog og samhandling med relevante miljøorganisasjonar.• Ta initiativ til at det vert gjennomført relevante leverandørutviklingsprogram som miljøsertifisering.

6. Strategi for vidareforedling handtering av restmasse



Mineralnæringa har tradisjonelt sett eit stort miljømessig fotavtrykk, kva angår både dagbrot og sjø- og landdeponi.

Maksimal utnytting av geologiske ressursar er kritisk både for å sikre dei økonomiske og miljømessige sidene ved eit mineraluttak. Difor er det viktig å gjere det økonomisk lønnsamt å finne bruk av overskotsmassar. Identifiserte områder kan vere tildekking av forureina sjøbotn, bygningsmaterial, bygging av vegar, byggeprosjekt med masseunderskot m.m.

Utvinning av mineraler medfører at det vert produsert overskotsmassar som vanskeleg kan seljast som økonomisk ressurs. I samarbeid med bergindustri og offentlege mynder må ein ha ambisjon om at minimere restmineralar og nytte det til anna føremål.


Utfordringar

- Låg einingspris og høge transportkostnadar gjer det vanskeleg å gjere overskotsmassar om til ein økonomisk ressurs
- Mineralnæringa kan ha eit omdømmeproblem
- Vanskeleg å få overskotsmassen pre-godkjent for til dømes tildekking av forureina sjøbotn

Offentlege instansar må leggje til rette for at ressursuttaket av ei ikkje-fornybar ressurs vert gjort med kontinuerleg fokus på forbetring av produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.

Målsetting	Bidra til ei utnytting av restmasse med størst mogleg verdiskaping og bærekraft
Delmål	<ul style="list-style-type: none">• Synleggjere moglegheiter for utnytting av restmasse• Sikre at rammevilkår gir dei rette incentiv for minimering av restmasse• Førebu og ta initiativ til relevante forskings- og utviklingsprosjekt, mellom anna definere prosjekt, søke midlar, mobilisere.• Rettmessige krav ovanfor tiltakshavar knytt til restmasse-handtering, produktivitet og effektiv utnytting av ressursen.• Kommunane skal vere pådrivarar for at overskotsmassar enkelt gjerast tilgjengeleg for andre. Eit slikt vilkår bør innarbeidast i driftskonsesjonen.





Vedlegg 1.3 Mineralrådet - Handlingsplan 2020–2023
(sak på møtet i Mineralrådet 21. januar 2020)


Mineralrådet for Vestland

Møte #2

Førde, 21. januar 2020



Innleiing – Nivå og relevante strategiar



Naustdal og Askvoll kommune – Mineralstrategi

Kommunane Naustdal og Askvoll har teke initiativ til å forme ut og få oppslutning om mineralstrategi for regionen som fokuserer på spesifikke utfordringar, tiltak og mål. På nokre områder peikar strategien utover kommunane og regionen. Dei vil arbeide for ny statlig politikk på viktige områder som restmassehandtering, planlegging og utvikling av infrastruktur.

Strategien tek for seg mål og delmål innanfor seks hovudområde.



Framtidsretta mineralforvaltning



Mineralretta næringsutvikling



Mineralretta utdanning



Samla infrastruktursatsing



Berekraftig utvikling



Vidareforedling og handtering av restmasse

Mineralrådet Vestland – Områder i handlingsplan

Mineralrådet vert oppretta med følgjande mandat:

- Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.
- Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæring og ha særleg fokus på:

1) Framtidsretta mineralforvaltning, 2) Mineralretta næringsutvikling, 3) Mineralretta utdanning, 4) Samla infrastruktursatsning, 5) Berekraftig utvikling, 6) Vidareforedling, 7) Handtering av restmasse, 8) Aktuelle mineralprosjekt, 9) Konsesjonsrundar



Mineralforvaltning



Næringsutvikling



Utdanning



Infrastruktur?



Vidareforedling og handtering av restmasse?




Andre område?

Mineralrådet Vestland – Områder i handlingsplan




Mineralforvaltning

Interessent	Innspel til drøfting i Mineralråd?
Departement	Rammevilkår - incentiv og skattelegging / pålegg? Rettmessig grunnrenteskatt (ref andre naturressursnæringar)? Føreseielege avgjerdsprosessar?
Direktorat	Høringspart i saker?
Vestland Fylkeskommune	Kompetanseheving mineral for fylkesgeolog og næringsrådgivere? Sikre koordinert og målrettet arbeid. Vestnorsk mineralstrategi?



Næringsutvikling

Interessent	Innspel til drøfting i Mineralråd?
Regionale underleverandørar	Leverandørutviklingsprogram? Forskningsprosjekt? Seminar/Konferanse?
Vidareforedling / Prosessindustri	Identifisere og definere forskningsprosjekt Seminar/Konferanse?
Nasjonalt kompetansesenter	Arena-søknad? Samarbeid/deltaking i Mineralklynge Norge?



Utdanning

Interessent	Innspel til drøfting i Mineralråd?
Vidaregåande	Synleggjere behov for lærlingar Korleis sikre rekruttering? Samarbeid og utveksling mellom undervisningsinstitusjonar og verksemder.
Høgare utdanning	Synleggjere behov for fagkompetanse innan bergteknikk / geologi / ressursgeologi. Korleis sikre utvikling studietilbud? Korleis sikre rekruttering? Samarbeid og utveksling mellom undervisningsinstitusjonar og verksemder.

Mineralrådet Vestland – Områder i handlingsplan



Mineralforvaltning

Interessent	Innspel til drøfting i Mineralråd?
Departement	Rammevilkår - incentiv og skattelegging / pålegg? Rettmessig grunnrenteskatt (ref andre naturressursnæringar)? Føreseielege avgjerdsprosessar?
Direktorat	Høringspart i saker?
Vestland Fylkeskommune	Kompetanseheving mineral for fylkesgeolog og næringsrådgivere? Sikre koordinert og målrettet arbeid. Vestnorsk mineralstrategi?

Mineralrådet Vestland – Områder i handlingsplan



Næringsutvikling

Interessent	Innspel til drøfting i Mineralråd?
Regionale underleverandører	Leverandørutviklings-program? Forskningsprosjekt? Seminar/Konferanse?
Vidareforedling/ Prosessindustri	Identifisere og definere forskningsprosjekt Seminar/Konferanse?
Nasjonalt kompetansesenter	Arena-søknad? Samarbeid/deltaking i Mineralklynge Norge?

Mineralrådet Vestland – Områder i handlingsplan



Utdanning

Interessent	Innspel til drøfting i Mineralråd?
Vidaregåande	Synleggjere behov for lærlingar Korleis sikre rekruttering? Samarbeid og utveksling mellom undervisnings-institusjonar og verksemder
Høgare utdanning	Synleggjere behov for fagkompetanse innan bergteknikk/ geologi /ressursgeologi. Korleis sikre utvikling studietilbud? Korleis sikre rekruttering? Samarbeid og utveksling mellom undervisnings-institusjonar og verksemder

Møte i Trondheim – 22. april

- Møte med NGU – Karlegging av ressurser, industrialisering
- Møte med NTNU – Oversikt over forskningsprogrammer
- Godkjenning av handlingsprogramet

Konferanse våren 2020 – Mineraler, Miljø og Verdiskaping

Oppdrag til Sunnfjord Utvikling / Sekretariatet

- Arbeid med oversikt over ressursar, opplegg for ressurskartlegging
- Arbeid med kartlegging av relevante bedrifter og ressurspersoner
- Etablering av nettverk
- Arbeide med innspel regional planstrategi